



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Eining for eigedom	Atle Vaage
	Arkivnr.: 16/3778	Klassering:

Regelverk for utleige av kommunale bygningar og anlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen går inn for å godkjenna framlegget til regelverk for utleige av kommunale bygningar og anlegg slik det ligg føre.

Regelverket og økonomisk konsekvens for lag og organisasjonar skal evaluerast seinast eitt år etter vedtak i kommunestyret.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka har vore til uttale i Lindås Idrettsråd og Lindås kulturråd

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Lindås kommune har til no ikkje hatt eit samla regelverk for utleige og utlån av bygningar og anlegg. Dette har tidvis ført til konflikhtar. Uklare ansvarsforhold gir og risiko for ulik praksis frå stad til stad. I tillegg gir det utfordringar i høve kontroll med aktiviteten og omsyn til tryggleik.

Det er behov for eit regelsett som avklarar kva eigedomar kommunen kan leiga og låna ut, kven som administrerer utleige, korleis ein skal fordela tid og kva vilkår kommunen stiller ovanfor leigetakarar.

Vurdering

Framlegget til regelverk har vore til uttale i Lindås Idrettsråd og Lindås kulturråd.

Lindås Idrettsråd har ingen merknadar til framlegget. Lindås kulturråd har tre merknadar. Desse vert kommentert kvar for seg;

Kulturrådet meiner lag og organisasjonar som leiger over lengre tid, td meir enn 5 gonger, bør få redusert pris.

Kommentar:

Framlegget er basert på timepris for den daglege aktiviteten for lag og organisasjonar. Nesten all denne bruken er faste aktivitetar som går gjennom eit år eller ein sesong. Prisane i framlegget er dermed allereie basert på at hovudtyngda av brukarane leigar 5 eller fleire gonger. Prisen for enkeltstående arrangement er sett betydeleg høgare enn for faste brukarar.

Kulturrådet peikar på punkt 2 andre strekpunkt, som seier at «for anlegg bygt med spelemidlar skal idrettslege formål ha prioritet». Rådet meiner at det på dette punktet må innarbeidast ei vurdering av spelemidlar frå den særskilte potten som går til lokale kulturbygg, og peikar på at slike bygningar ikkje berre vert nytta til idrett.

Kommentar:

Rådet peikar her på eit svakt punkt i kulturdepartementet sine føresegner for spelemidlar. Reglane slår fast at anlegg bygt med spelemidlar skal vera opne for allmenn idrettsleg aktivitet. Samstundes er det mogleg å søkja midlar frå ein eigen pott øymerka lokale kulturbygg. Spelemidlar frå denne potten skal brukast til å leggja til rette for td song, musikk og teater i mellom anna fleirbrukshallar. Men denne potten er ikkje fulgt opp av eit regelverk som seier noko om kva føringar tilskotet gir for kulturlivet sin rett til bruk av anlegget.

Spørsmålet er i hovudsak aktuelt opp mot fleirbrukshallar. I framlegget heiter det at «Kommunen har rett til å avlysa faste aktivitetar til fordel for enkeltarrangement.» Dette sikrar gjennomføring av enkeltstående konsertar, teaterstykke og liknande. Faste øvingar og møteverksemd for kulturlivet, meiner administrasjonen det i første rekkje må tilretteleggjast for i andre delar av bygningen enn sjølve fleirbrukshallen. Alle dei kommunale fleirbrukshallane som er bygt eller er under planlegging, får sosiale rom som vil kunna fylla denne funksjonen. I tillegg vil skulane kunna nyttast. Lindås Kulturråd er føreslått som høringsinstans dersom det oppstår usemje kring tildeling av tid.

Kulturrådet meiner vidare at punkt 2 i tildelingsrekkjefølgjen må endrast. I framlegget er barn og unge frå Lindås første prioritet. Deretter er vaksne frå Lindås sett opp som andre prioritet. Kulturrådet ønskjer at dette vert endra til «vaksne som driv aktivitet med tilskot etter Vaksenopplæringslova, jmf. §7 i lova.»

Kommentar:

Paragraf 7 i vaksenopplæringslova seier; «Undervisningslokaler der driftsutgiftene dekkes av det offentlige, skal etter søknad stilles vederlagsfritt til disposisjon for studieforbund og medlemsorganisasjoner ved avholdelse av kurs med tilskudd etter kapittel 2 i loven. Departementet gir nærmere forskrifter.»

Punktet reiser to spørsmål i høve framlegg til utleigeregelverk. Det eine er kva lokale som skal definerast som undervisningslokale. Her vurderer rådmannen det slik at berre lokale som primært er undervisningslokale, kjem inn under lova. Dette vil gjelda td klasserom og gymsalar på skular. Fleirbrukshallar og andre idrettsanlegg er ikkje først og fremst undervisningslokale, og kjem difor ikkje inn under retten til gratis lokale.

Det andre spørsmålet er korvidt vaksne som driv etter paragraf 7 i vaksenopplæringslova skal vera prioritert framfor andre vaksne. Lindås har eit rikt lagsliv innan idrett og kultur som alle driv positive aktivitetar. Rådmannen kan ikkje sjå at Lindås kommune skal setja ulik verdi på dei ulike aktørane innan frivillig arbeid. Prioriteringa av barn og unge før vaksne, er vurdert å vera tilstrekkeleg.

.....

Vedlagte saksdokument:

Generelt regelverk

Framlegg til prisliste bygningar

Framlegg til prisliste uteanlegg

Forslag leigeprisar uteanlegg Lindås kommune	141408	30.11.2016
--	--------	------------

Forslag leigeprisar utleige av kommunale bygningar og anlegg	141409	30.11.2016
--	--------	------------

Forslag regelverk utleige av kommunale bygningar og anlegg	141410	30.11.2016
--	--------	------------

Tilbakemelding - regelverk utleige kommunale bygningar og anlegg (230892)	151037	03.02.2017
---	--------	------------

Lindås Kulturråd - uttale regelverk for uteleige 2 feb 2017	151038	03.02.2017
---	--------	------------

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
-------	------	------	--------------------------

Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost
-------	------	------	-----------------------